



Det er ikkje nokon ny observasjon, snarare dreier det seg om ein føljetong. Men likevel bør han nemnast: Containaren i båthamna blir misbrukt også denne sommaren.

I den seinare tid er det observert folk til og med frå nabobygdene til Uskedalen som kjem med boss og anna tildels plasskrevande avfall og slenger det i denne containaren.

Og det sjølv om det blir gjort heilt klart fleire stader på containaren at den er berre for båtgjester.

Og konsekvensen vil vera at containaren til slutt flyt over og at leveransen vidare blir dyrare.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

